

Eit interkommunalt samarbeidsorgan for kommunane Giske, Fjord, Stranda, Sula, Vestnes, Ålesund, Ulstein, Ørsta og Volda.

## Møtebok- styremøte 15.1.2020

Styremøtet vart halde i lokala til Sunnmøre friluftsråd. Innkalling og sakliste vart sendt ut den 8.1.2020.

Frammøtte frå styret: 13 av 13 møtte.

Giske:	Birger Honningsvåg
Haram:	Vebjørn Krogsæter
Norrdal:	Solveig Linge Stakkestad
Skodje:	Modolf Hareide
Sula:	Trygve Holm
Stordal:	Eva Hove
Vestnes:	Skafti Helgason
Ørskog:	Janet Roelofs
Ålesund:	Jarle Hauge Steffenssen
Stranda:	Jan Håkon Vikane (vara)
Ulstein:	Knut Erik Engh
Volda:	Tollak Mikal Kaldheim
Ørsta:	Stein Aam (vara)

Andre frammøtte: May Britt Haukås      Dagleg leiar

**Møtet vart sett klokka 18.**

### **Saker:**

**Godkjenning av innkalling og sakliste:**

*Samrøystes vedtak:*

**Innkalling og sakliste vart godkjent.**

### SAKLISTE TIL STYREMØTET 15.1.2020

**Sak 01/2020: Godkjenning av møtebok frå styremøtet den 20.11.2019**

*Samrøystes vedtak:*

**Møteboka frå styremøtet den 20.11.2019 vert godkjent.**

**Sak 02/2020: Munnlege orienteringar**

*a) Status søknader til stillinga som dagleg leiar:*

Til møtet var det kome 28 søknader frå 13 kvinner og 15 menn i alderen 34 til 57 år. Mange av dei med svært gode kvalifikasjonar. Arbeidsutvalet startar på arbeidet med å gå gjennom søknadane og avgjere kven som skal inviterast til intervju så snart som råd. Det blir valt ut tre personar til intervju, som så blir rangert frå 1-3. Dersom den på førsteplassen takkar nei, går tilbodet til nr. 2 osv. Målet er tilsetting så snart som råd, men det må påreknast at den som blir tilsett har oppseingstid i noverande jobb. May Britt held fram som dagleg leiar til den nye er på plass. (Til orientering: Det endelege søkjartalet vart 34.)

*b) Status arbeidet med alternativ til organisering av friluftsrådet etter kommunesamanslåingane*

Styreleiar orienterte om at lova opnar for omorganisering innan fire år, men at arbeidsutvalet har mål om å legge fram forslag for årsmøtet i mars.

*c) Internmøte mellom styreleiar og dei tilsette i friluftsrådet før jul*

Styreleiar orienterte om at han hadde eit godt møte med dei tilsette i friluftsrådet rett før jul, men at det framleis er misnøye ang. lønn blant nokre i staben. Han meiner dette likevel ikkje er meir alvorleg enn at det let seg ordne.

*d) Strategisamling*

Med stor vekst i friluftsrådet siste åra, og nye tilsette frå andre bransjar, vil det vere nyttig med ei felles samling for å meisle ut strategien for friluftsrådet framover. Det er medlemskommunane som eig friluftsrådet og såleis bestemmer strategien gjennom styrevedtak og godkjenning av arbeidsplanen i årsmøtet. Men det er også viktig at dei tilsette får delta i ein prosess slik at alle får felles plattform. Arbeidsutvalet skal delta på vegner av styret, og leiar i Friluftsrådene Landsforbund (FL), Morten Dåsnes, vil gi ei orientering om bakgrunnen for friluftsråda, mandatet, arbeidsfordelinga mellom friluftsråda og FL, korleis friluftsråda fungerer i dag og korleis utviklinga bør bli.

*e) Status Stikk UT! Ski*

Årets Stikk UT! Ski-sesong, den andre i regi av Sunnmøre friluftsråd, har fått ein svak start. Vêret har ikkje spelt på lag, og berre 159 personar har så langt registrert 400 turar. Det er spådd at snøen vil kome i februar, og det håper vi slår til.

*f) Status årets rapporteringar og søknader*

Desember og januar er svært travle månader for friluftsrådet, med fristar for levering av rapportar for tildelingar i 2019 og innsending av søknader for 2020. Vi ligg bra an for rapporteringane, men søknadane til tilretteleggingstiltak i statleg

sikra friluftsområde er avhengige av at kommunane gjer ferdig og får godkjent forvaltningsplanane for områda. Utan at dette er på plass, kan ikkje fylkeskommunen innvilge søknadane. Talet på godkjente forvaltningsplanar er også avgjerande for kor mykje fylkeskommunen får til fordeling. Den summen var alt for låg i 2019 fordi svært mange forvaltningsplanar var gått ut på dato og ikkje fornya.

Samrøystes vedtak:

**Styret tek orienteringane til vitande.**

### **Sak 03/2020: Årsrekneskap 2019**

Samrøystes vedtak:

**Styret tek den førebelse årsrekneskapen for 2019 til vitande**

### **Sak 04/2020: Førebels budsjett 2020**

Samrøystes vedtak:

**Styret ber om at lønsbudsjettet blir auka med kr. 200 000, og rår representantskapsmøtet til å godkjenne forslaget til budsjett for 2020.**

### **Sak 05/2020: Arbeidsplan 2020**

Samrøystes vedtak:

**Styret ber administrasjonen legge til aktivitetstilbod til barn og unge med funksjonsnedsettingar under viktige oppgåver i 2020, og også at administrasjonen skal besøke kommunestyra i alle medlemskommunane i løpet av året. Styret rår representantskapsmøtet til å godkjenne arbeidsplanen for 2020.**

### **Sak 6/2020: Møteplan 2020**

Samrøystes vedtak:

**Styret godkjenner forslaget til møteplan for 2020**

### **Sak 07/2020: Vedtak i Volda kommunestyre**

Samrøystes vedtak:

**Styret ber dagleg leiar og styreleiar ta initiativ til eit dialogmøte med Volda kommune snarast råd.**

Styret viser til at Volda har fått like mykje att for kontingenten som fleirtalet av dei andre medlemskommunane og at det ikkje er grunnlag for gratis eller redusert kontingent i 2020.

**Sak 08/2020: Representantskapsmøte 2020**

Samrøystes vedtak:

Styret ber administrasjonen starte planlegginga av representantskapsmøtet 2020 i samarbeid med vertskapskommunen Ørsta, og at vedtak om medlemskap for Sykkylven og Vanylven blir sett øvst på saklista.

Møtet var slutt ca. klokka 20.30

May Britt Haukås - Dagleg leiar